

Bergen, 16.09.2024

Vestland fylkeskommune

Høyringsinnspel til regional planstrategi

Vi viser til høyring av ny regional planstrategi – Utviklingsplan for Vestland 2024-2028, med høyringsfrist 16. september 2024.

Bergen Næringsråd gjev følgjande uttale:

- Det vert foreslått at det skal utarbeidast to «nye, breie regionale planar». Bergen Næringsråd vil streke under at planane må fastsetje rammer på eit overordna nivå og at ein ikkje nyttar detaljerte retningslinjer og føresegner.
- Planane må ha tilstrekkeleg fleksibilitet slik at dei også i praksis legg til rette for utviklinga som er formålet med regional planstrategi. Tilhøve endrar seg over tid – til dømes næringsstruktur og transportmønster – og planane må vareta dette.
- Dei regionale planane må ikkje ha føresegner og retningslinjer som er varetekne i kommunale eller statlege planar, til dømes statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona.
- I praksis er det fleire omsyn og tema som er nemnt i planforslaget som vil avgrense utvikling. Det er avgjerande at også vekst i folketal, jobbar og verdiskaping er eit viktig planomsyn.
- Det vert foreslått å styrke merksemda på gjennomgåande plantema. Bergen Næringsråd meiner følgjande også må vere gjennomgåande plantema:
 1. Tilstrekkeleg areal til næringsutvikling
 2. Arbeidsplassar og vekst
 3. Grøn omstilling
 4. Mobilitet
 5. Kunstig intelligens
- I praksis er det fleire omsyn og tema som er nemnt i planforslaget som vil avgrense utvikling. Det er avgjerande at også vekst i folketal, jobbar og verdiskaping er eit viktig planomsyn. Det må leggjast til rette for framtidig arealformål, ikkje minst av omsyn til næringslivets behov.

BERGEN NÆRINGSRÅD



- Det er viktig å leggje særleg vekt på næringar med stort eksportpotensial, til dømes marin/sjømat og helsenæringane.
- I regional plan for verdiskaping og kompetanse må det kartleggjast kva som er det framtidige behovet for skular og bygg i tråd med arbeidslivets behov for kompetanse.
- Betre mobilitet må vere eit mål med ny regional plan for areal og mobilitet.
- Bergen Næringsråd ber om at det vert utarbeidd ein ny regional transport- og logistikkplan for Bergensområdet.

Med helsing

Monica Mæland
adm.dir.